



Foto: Håkon C. Hartvedt

ÅRSMELDING FOR FITJAR SOKN

ÅRET 2014

«Nær menneske, nær Kristus»

INNHALD

Innhald

Gudstenester og kyrkjelege handlingar	1
Trusopplæring	4
Drift av kyrkja og gravplassen	6
Økonomi	9
Anna arbeid i kyrkjelyden	13

FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2014

Gudstenester og kyrkjelege handlingar

v/ sokneprest Olav J. Oma

SOKNEPRESTEN SINE OPPGÅVER

Soknepresten er tilsett med Fitjar sokn som tenestad, i tenestedistriktet Sunnhordland prosti. Soknepresten skal forvalta ord og sakrament slik at kristen tru og kristent liv blir fremma, dette skjer ved:

- holde forordnede gudstjenester og forrette kirkelige handlinger,
- utføre dåps- og konfirmasjonsopplæring,
- utøve sjelesorg og veiledning, gå med dødsbud, reise i soknebud og også ellers besøke syke og
- utføre forkynnararbeid og i samråd med menighetsrådet annet menighets byggende arbeid.

Presten skal også utføre andre gjøremål som er eller måtte bli pålagt ved lov eller bestemmelse av Kongen eller departementet.

Presten skal forberede ovennevnte gjøremål og sette av nødvendig tid til studium og personlig fornyelse.» (§ 2. i tenesteordning for menighetsprest)

Soknepresten har sete og stemmerett i Fitjar sokneråd og fellesråd og er elles med i Diakoninemnda, gudstenesteutval og er redaktør for kyrkjebladet. Han har møterett i undervisningsutvalet.

Soknepresten har beredskapsteneste saman med dei andre prestane i Sunnhordland.

AKTIVITETAR GJENNOM ÅRET

I 2014 vart det totalt halde 60 gudstenester på søn- og helligdagar, med 9139 deltakarar, dvs eit snitt på 152 menneske på kvar gudsteneste. I tabellen nedanfor kjem det fram meir informasjon om deltaking på dei ulike aktivitetane:

I Fitjar kyrkje	2014	2013	2012	2011	2010	2009
Døypte	38	26	34	38	32	40
Konfirmerte	52	52	27	48	38	45
Vigslar	7	8	3	3	8	11
Gravferd	19	25	29	24	25	29
Deltakarar i kyrkja søndag og helgedagar (med andre gudst.)	9139 (10577)	8880 (10434)	8400 (9973)	8800 (10415)	7897	8835

FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2014

Gj. snitt framsmøte i kyrkja	152/60	148/60	140/60	160/55	149/53	155/57
Nattverd/gudstenester	2626/35	2623/36	2700/38	2661/37	2481/35	2433/35
Kyrkjeoffer	379524	384478	381780	369482	351852	332625
+ Fast gjevarteneste	138000					
+ Kyrkjeblad	63000					

I tillegg var det 8 gudstenester på kvardagar, m. a. 4 skulegudstenester, 2 før jul og 2 før påske med til saman 1428 deltakarar. Det vart halde 52 andaktar på FBB og Hamnahuset, annakvar veke begge stader. 10 av desse var nattverdsgudstenester. Utover dette vart det ved ulike høve gått med soknebod, og besøkt sjuke når det vart etterspurd. Dette har eg ikkje tal på i 2014. Elles vart det og halde andakt ved ulike høve for barn og ungdom, og delteke på enkeltmøte på bedehusa.

Soknepresten tok del i sokneråds og fellesrådsmøta i 2014, og er ein del av AU for same råd. I diakoninemnda tok soknepresten del i 5 møte, to diakoniturar, og vårfest på Hamnahuset. Som redaktør i kyrkjebladet vart det gjeve ut 6 nummer i 2014. Gjennom året hadde vi 10 treff med samlingsstund i Bakken barnehage. Vi var på skulen og informerte om tiltak ved nokre høve, der var klassar i kyrkja for å sjå på kyrkja.

Elles deltek soknepresten på månadlege prestesamlingar hos prosten, og var på studietur til Krakow med prosten og prestelaget i Sunnhordland i juni.

ANDRE HENDINGAR I 2014

Ut 2014 var Nobukazu Imazu kyrkjelydsprest i 100% med hovudansvar for konfirmant og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden. Han var og fast vikar for soknepresten.

Nobukazu Imazu vart tilsett som kapellan i Olsvik i Bergen, slutta 4. januar 2015. Han har gjort ei stor og viktig teneste i kyrkjelyden gjennom 7 år. Vi takkar for alt han har lagt att, og ynskjer Guds signing i nytt arbeid.

Summen som vert samla inn ved kyrkjeoffer har stagnert og fall for første gong på 9 år. Dette trur eg har samband med at vi har mindre kontantar i omløp i det daglege. Kyrkjeoffer er viktige for kyrkjelyden og for organisasjonane, derfor er det viktig at vi finn digitale løysingar på det å gje.



FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2014

PLANAR FRAMOVER

Det er viktig at vi saman, stab, råd og kyrkjelyd går inn for å halde oppe eit arbeid som det er mykje godt i. Saman gjere det slik at menneske ynskjer vera ein del av arbeidet vårt og ta del i gudstenester og anna som skjer. Det er ynskjeleg å få til noko meir trusopplæring for vaksne. Men det må tilpassast dei ressursane vi har. Det er og plan om å få kantor i 100% stilling, fordelt på 65% musikk og 35% kyrkjelydsarbeidar, dette vil vonleg vera med og løfta gudstenestearbeidet, og letta mykje av gudstenesteførebuinga for presten.

Vi arbeider og vidare med ei styrking av prestetenesta lokalt. No er det prosten som syt for at det kjem vikar i snitt ein gong i månaden.



Olav J. Oma
Sokneprest
12.03.2015

FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2014

Trusopplæring

v/ vikarierende kyrkjelydspedagog Birgitte Drønen Brenne

AKTIVITETAR GJENNOM ÅRET

Trusopplæringa i kyrkjelyden vert gjennomført i tråd med trusopplæringsplanen som er godkjent av soknerådet og biskopen. I 2014 skulle desse tiltaka gjennomførast:

Tiltak	Namn	Deltakarar	Av inviterte
B0	Dåp	39	100 %
B1	Babysong	20	69 %
B2	Kveldssamling	8	28 %
B3	Adventssamling	11	31 %
B4	Utdeling av 4-årsbok og kyrkjevandring	24	37 %
B6	Barnas påskefest	16	32 %
B7	Pinsefest	15	39 %
B9	Tårnagent	25	54 %
B11a	Båten	38	47 %
B11	Lys vaken	20	56 %
B12	Kode B (for få påmelde)	-	-
B15	Konfirmasjon	52	110 %
B16	Loved i praksis	-	-
B17	Ung Tru (ikkje ressursar til gjennomføring)		

MEIR OM ARBEIDET

Arbeidet med trusopplæringa har mange tiltak og mange barn. utfordringar er:

- få frivillige ressursar i form av hjelp til å delta på tiltak
- å ha nok ressursar til å få gjennomført alle tiltaka som er planlagt

På grunn av at kun ein fjorårskonfirmant meldte seg på Loved i praksis, har me ikkje starta dette. Det skal rapporterast på dette i 2015, det året dei fyller 16. Me har gjennomført spontansamlingar, ei i oktober og ei i desember. Her har det totalt vore med 15 fjorårskonfirmantar. Det er planlagt fleire samlingar, ei i mars og ei i april. Det er usikkert om det let seg gjennomføre pga ressurstilgangen, men tiltaket er svært positivt. Som ei oppsummering må det kunna seiast at alle arrangementa har vore positive og kjekke hendingar.



FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2014

NYE TILTAK I 2014

I 2014 har me hatt to nye tiltak i trusopplæringa. Desse er Båten og Kveldssamling

Båten vart eit tiltak med stor suksess. Det vart lagt opp med utedag i Breiavikjo på ein inneklemt fridag i mai. I dei høve me ikkje har det, må arrangementet haldast i helga. Det er då større sjanse for at mange er vekkreist. På arrangementet hadde borna ei rekkje spennande aktivitetar å vera med på.

Kveldssamling og adventssamling kan kanskje slåast saman som songstunder/småtrulltrall/vidareføring av babysong. Me kan likevel ha fokus på advent siste samling, og ta vare på mål frå tiltaket på adventsamlinga.

PLANAR FRAMOVER

Etter planen for trusopplæring skal desse tiltaka ha oppstart i 2015:

B5: Den gode hyrding – August/september

B13: Kode D (ikkje nok ressurs til planlegging og gjennomføring) - Januar

B14: På sporet av Jesus – Mars

B17: UngTru – Oktober

B18: Vaksen – Juni?

Kor mykje av dette me får gjennomført er usikkert. Den fast tilsette kyrkjelydspedagogen gjekk ut i permisjon mars 2014 og skal ha permisjon til mars 2016. Vikaren for kyrkjelydspedagogen går ut i permisjon i april 2015. Kor mykje ein får gjennomført av planlagde tiltak, er ikkje råd å sei før me har fått på plass vikar for vikaren.



Birgitte Drønen Brenne

Kyrkjelydspedagog

12.03.2015

Drift av kyrkja og gravplassen

v/ kyrkjeverje Harald Rydland

PERSONALE

I 2014 vart det store utskiftingar i staben ved kyrkjekontoret.

Ny kyrkjeverje i 50%, Harald Rydland.

Ny kyrkjegardsarbeidar, 60%, Kristian Skumsnes

Ny kyrkjetenar, 40%, Birgitte D. Brenne.

Vikar for kyrkjelydspedagog Silje Fyllingen, var Birgitte D. Brenne 40%.

Nobukazu Imazu var kyrkjelydsprest i 100% stilling i heile 2014.

Samarbeidet i staben har vore godt.

På kyrkjekontoret har Vigdis Aarre Olsen arbeidd som uløna kontorhjelp kvar tysdag, ho er til stor hjelp her. I samband med gudstenestene våre deltek og minst 5 løna eller uløna medarbeidarar i tillegg til prest kvar gong. Det er organist, klokkar, kyrkjetenar, to kyrkjevartar, før ein eventuelt tenkjer på forsongarar, band, medliturgar, andre. Vi er avhengige av å ha eit godt samarbeid med mange, og er svært takksame for alle dei som seier seg villege til å vera med og gjera teneste i kyrkjelyden.

KYRKJEBYGGET

Fitjar kyrkje er i god teknisk stand, men den treng heile tida vedlikehald dersom bygget ikkje skal forfalla. Sommaren 2014 fekk me malt eine langveggen med hjelp av sommarvikarane på kyrkjegarden. Me fekk god støtte frå næringsdrivande med utlån og montering av stillas.

I løpet av året har varmeanlegget i kyrkja vorte justert og innkøyrert for å få meir effektiv oppvarming. Systemet er komplisert og det har ved nokre høve vore svikt som har gjort at kyrkja har vore for kald. Me reknar med at dette skal vera under kontroll no.

Seint på året hadde me ein lekkasje på avløpsrøyret frå kyrkjestova. Dette skuldast at mus hadde vore og gnage på røyret. Heldigvis var det lett å få reparert skaden og den hadde ikkje forårsaka større skadar på bygget.

I året har det vorte kjøpt inn nye salmebøker til kyrkja. Det er og installert internett i kyrkja og på kyrkjegardshuset.



FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2014

GRAVPLASSEN

Fitjar kyrkjegard har halde ein høg standard gjennom året. Kyrkjegardsarbeidaren har hatt ansvar for den daglege drifta av gravplassen. I sommarsesongen vert det i tillegg leigd inn ungdommar til å hjelpe til med plenklypping og anna arbeid. Til å stella dei gravene som kyrkja har ansvar for, leiger me inn deltidsarbeidar gjennom året. Alle som arbeider på gravplassen legg vekt på at dei pårørande og bygdefolket skal oppleve at den framstår på ein respektfull og fin måte.

Når det gjeld adminstrasjon av gravplassen har det skjedd store endringar i 2014. Gravregisteret er overført frå handskrive kartotek til data i løpet av året. Dette har vore eit omfattande arbeid. Om lag 3000 graver er registrerte. Dette lettar arbeidet mykje når det gjeld ha oversyn over kvar dei einskilde gravene ligg, kven som er festar m.m. Systemet vert og brukt til å fakturera festeavgifter o.l. Når det skal leggjast planar for vidare bruk av gravplassen vil og systemet vera til stor hjelp.

Når så mykje opplysningar skal registrerast manuelt i eit datasystem, er det uråd å gjera dette utan at det oppstår feil. No kan kven som helst søka etter graver frå kyrkja si heimeside på internett. Me håpar at me får melding om feil som vert oppdaga, slik at desse vert retta opp.

Fellesrådet fastsette i 2014 nye vedteker for Fitjar kyrkjegard.

PROSJEKT

Fitjar kyrkje er 150 år i 2017 og som ein del av jubileet skal det på plass nytt orgel i kyrkja. Arbeidet med dette prosjektet starta for alvor i 2014. På hausten sette me i gang arbeidet med å henta inn anbod. Ein ventar at det skal skrivast kontrakt med orgelbyggjar våren 2014 og at bygginga av orgelet tek til like etter. Orglet vert bygd på verkstad hos orgelbyggaren og skal fraktast til Fitjar for montering våren 2017.

Fram mot 2017 skal det og lagast jubileumsbok for Fitjar kyrkje. Arbeidet med boka er starta opp med Kjetil Rydland som redaktør, Aud Gloppen som designar og Per Egil Larsen som fotograf. Utanom dei er det fleire lokale skribentar som er involverte i prosjektet. Det er meininga at boka skal komma for sal i oktober 2016.



FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2014

RÅDSARBEID

Sokne- og fellesrådet har gjennom året hatt 7 møte der det har vorte behandla 96 saker. Medlemane i sokne- og fellesrådet har vore desse:

- Torunn Aarskog, leiar i soknerådet
- Rasmus Fitjar, leiar i fellesrådet
- Nils Ingmar Hageberg, nestleiar i soknerådet
- Anne Marie Røed, nestleiar i fellesrådet
- Svein Aarbø, skrivar
- Lilli Ann Drønen
- Vigdis Aarre Olsen
- Benedicte Meyer
- Olav J. Oma, sokneprest
- Lars Ove Rimmereid, kommunal representant



Harald Rydland
Kyrkjeverje
12.03.2015

Økonomi

ARBEID MED BUDSJETT OG REKNESKAP

Arbeidet med økonomisk forvaltning i kyrkja føregår i eit tett samarbeid mellom kyrkjevevja og økonomiavdelinga i kommunen.

Kyrkja sitt rekneskap vart i 2014 gjort opp med eit netto driftsresultat på kr. 345.679,-. Av denne summen kjem omlag kr. 150.000,- av at det i 2014 vart fakturert ut festeavgift for både 2013 og 2014. Dette vart gjort for å komma ajour med kalendaråret. For 2015 vert dette normalisert att. Elles var 2014 første året det vart fakturert ut festeavgifter etter dei nye satsane. Dette gav noko høgare inntekter enn budsjettet. Gjennom 2014 var det ein del av stillingane i kyrkje som ikkje var bemanna heile året. Dette gjorde at det vart betalt ut mindre løn en budsjettet.

Rekneskapstala kjem fram i tabellane nedanfor

FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2014

RESULTATREKNESKAP, BALANSE OG NOTAR

Tekst	Fitjar Sokn, resultatrekneskap	
	Rekneskap 2014	Rekneskap 2013
Brukarbetaling	466 843	470 721
Refusjon	608 818	553 472
Offentlege tilskot	1 921 900	1 952 400
Andre tilskott, innsamla midlar	704 990	1 120 150
Sum driftsinntekter	3 702 551	4 096 742
Løn og sosiale utgifter	2 147 808	2 096 761
Kjøp av varer og tenester	712 007	1 087 735
Refusjonar/overføringar	123 746	337 377
Tilskott og gaver	400 544	318 624
Avskrivningar	165 168	169 588
Sum driftsutgifter	3 549 272	4 010 085
Brutto driftsresultat	153 279	86 658
Renteinntekter, utbytte og eigaruttak	40 113	33 815
Sum eksterne finansinntekter	40 113	33 815
Sum eksterne finansutgifter	26	-
Resultat eksterne finanstransaksjonar	40 087	33 815
Motpost avskrivningar	165 168	169 588
Netto driftsresultat	358 534	290 061
Avsetjingar:		
Bruk av tidlegare års rekneskapsoverskot	-	42 480
Bruk av disposisjonsfond	-	-
Bruk av bundne driftsfond	40 300	172 992
Sum bruk av avsetjingar:	40 300	215 472
Avsetjing til bundne driftsfond	53 156	337 951
Sum avsetjingar	53 156	337 951
Resultat	345 679	167 583

FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2014

Fitjar Sokn, balanse

	Rekneskap 2014	Rekneskap 2013
EIGEDELAR		
Anleggsmidler	4 929 664	5 088 623
Faste eigedommar og anlegg	4 733 580	4 858 318
Utstyr, maskiner og transportmidler	156 690	197 119
Utlån	39 394	33 185
Aksjar og andelar (Note 1,2)		
Omløpsmidlar	2 336 486	2 204 066
Kortsiktige fordringer	83 088	62 221
Aksjar og andelar		
Sertifikater		
Obligasjonar		
Kasse, bankinnskudd	2 253 398	2 141 846
Sum eigedelar	7 266 150	7 292 689
EIGENKAPITAL OG GJELD		
Eigenkapital	6 875 826	6 682 460
Disposisjonsfond (Note 3)	0	6 459
Bundne driftsfond (Note 4)	1 606 693	1 634 359
Rekneskapsmessig mindreforbruk	345 679	
Rekneskapsmessig meirforbruk		-42 480
Udekka i investeringsrekneskapen (Note 5)	-6 209	-4 501
Kapitalkonto	4 929 664	5 088 623
Gjeld		
Langsiktig gjeld:	0	0
Kortsiktig gjeld:	390 324	610 229
Annan kortsiktig gjeld	390 324	610 229
Sum eigenkapital og gjeld	7 266 150	7 292 689

FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2014

Notar

Note 1 Pensjonsforplikting

Pensjonsforpliktinga er dekkja gjennom KLP. Årets forplikting er utgiftsført.

Note 2 Eigenkapitalinnskot KLP

	Pr 31.12.2014
Eigenkapitalinnskot KLP	38 394
Aksjar Kirkepartner	1 000

Note 3 Disposisjonsfond

	Pr 31.12.2014
Generelt disposisjonsfond	0

Note 4 Bundne fond

	Pr 31.12.2014
Fond gravfestemidlar	126 121
Utsmykking	5 486
Orgel	115 834
Kyrkjelydsprest	940 158
Diverse prosjekt	105 151
Gravlegater	313 943
Sum bundne fond	1 606 693

	Pr 31.12.2014
Udekka invest. 14	6 209
Udekka invest. 13	0
Sum udekka investering	6 209

	Pr 31.12.2014
Udekka i driftsrekn. 13	0
Sum udekka drift	0

Anna arbeid i kyrkjelyden

TEMAKVELDAR

Dette året har me arrangert 10 temakvelder i kyrkja. Som tidlegare har me og i 2014 prøvd å halda fast ved den siste torsdagen i mnd. som "vår" kveld. Nokre gonger har me måtta justera dette anten grunna feriar /høgtider eller fordi medverkande ikkje har vore tilgjengelege når me kunne ønska.



Kveldane er varierte og skal ha lav terskel og ulikt innhald og form. Dette kan vera song/salmekvelder, utstilling, foredrag, konsertar o.s.b. I arrangementsgruppa sit; Benedicte Meyer, Hildegunn Aadland, Anne Britt Tornes og Eli N. Simonsen. Me har jamnlege planleggingsmøte og prøver å ha klart programma eit halvt år /eit år i førevegen. Me set opp plakatar for kvart halvår og gjer arrangementa våre kjende gjennom Facebook ,kyrkja si nettside ,Sunnhordlandskalenderen og i lokale aviser.

Programmet vårt har i 2014 vore slik:

Jan: Konsert med **Solveig Leithaug og Garness**

Feb: "Den største mangelen på biblar i verda"-**Ortega Dopico og Hans Johan Sagrusten**

Mars: "Streng gudsfrykt og stor livsglede"-salmekveld med **Osternes Mannskor** m /fleire

April: "Ver tru mot deg sjølv" -**Sylvi Levåg**

August: Konsert med **Gøran Fristorp** (Arrangement under Fitjarfestivalen
"Sorgen, gleden og håpet"---**Odd Eidner**

Sept: "Litt av hvert frå et bispeliv"--**Ole D. Hagesæter**

Okt: "Arven"--konsert med **Solveig Slettahjell**

Nov: "Landsbyprestane"-**Roald Drønen, Nobukazu Imazu ,Olav Oma og Herman Inge Aadland**

Des: Julekonsert med **Marianne Juvik Sæbø og Terje Kleppe**

Me har mange spennande namn på programmet for 2015—både konsertar, salmekveld og foredrag..

Me er også svært takksame for det flotte pianoet me har fått til kyrkja vår!! Dette gjer at det er mykje lettare å arrangera konsertar og songkvelder. Temakveldane har vore godt besøkt, og det er svært oppmuntrande å driva dette arbeidet når responsen er så god.

For temakveldgruppa: Eli N. Simonsen



FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2014

BABYSONG OG SMÅBARNSTREFF

Tiltaket er eit arrangement med songstund, nistemåltid og sosialt samvær for ungar under skulealder saman med ein vaksen på Fitjar bedehus. Det vert halde annakvar onsdag kl. 10.30-12.00.

Babysong er organisert som eit kurs på 8 samlingar og er for babyar mellom 0 og vel 12 månader. Her er det påmelding, kurset kostar 150,- og deltakarane får eit enkelt songhefte og ein cd. Småbarnstreff er for alle ungar mellom 0 og 6 år saman med ein vaksen, Det er gratis og krev ikkje påmelding. Arrangementa går parallelt, med babyane på loftet og småborna i "matsalen" på bedehuset.

Babysongkurset er ein del av trusopplæringstiltaka i kyrkjelyden. Småbarnstreff har vore eit supplement til trusopplæringstiltaka for aldersgruppa 0-6 år. Det er 8 samlingar i halvåret à 1,5 time. Samlinga vert utvida til 2 timar siste gong før jul. Nokre semester har tiltaket vorte utvida med eigne utetreff, utan anna opplegg enn å vera ute, leika og eta niste. Me har og hatt skogstur med koking av påskeegg og grilling m.m . (2-2,5 t) rett før eller rett etter påske. Nokre semester har babysong og småbarnstreff delteke på ei gudsteneste i kyrkja.

Me meiner det er grunnlag for å halda fram med babysong på same måte som no. Det kan sjå ut som det ikkje lenger er behov for eit tilbod for ungar mellom 1 og 6 år på føremiddags tid. Dei aller fleste i denne alderen går i barnehage i dag, og frå våren 2014 merka me nedgang i oppslutnaden, noko som har vart ved no i 2015. Me vurderer derfor om det er aktuelt å fortsetja med å bruka ressursar på eit slikt tilbod.

Leiarar for tiltaket er Helga Rimmereid, Astrid Koløen Prestbø og Hildegunn Sandvik.

Til hjelp på kjøkenet i 2014 har me hatt: Guro Tveit (gav seg etter våren 2014), Marta Eide Helland, Gerd Træet og Elin Korneliussen (ny hausten 2014).

Me har det utstyret me treng i forhold til musikk, instrument, leiker o.a. Dei einaste "daglege" utgiftene er til kaffi, te, saft og litt reinhaldsartiklar, og innkjøp av cd-ar (det siste vert akkurat dekket av kursavgifta). Me har med jamne mellomrom fått takkoffer frå kyrkja og med dei lave kostnadane me har er økonomien god.



Helga Rimmereid

FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2014

DIAKONINEMNDA

Diakoninemnda har som mål å gjennomføre desse tiltaka gjennom året:

Organisere besøkstenesta.

Arrangere to dagsturar.

Blomehelsing til alle som fyller runde år frå 80 og oppover.

Juleblom til besøksvener

Blomehelsing til Havnahuset og Sjukeheimen i desember.

Blomehelsing til nære pårørande etter dødsfall.

Deltaking i gudstenesta på Alle Helgens Dag.

Hyggestund på Havnahuset i januar.

I året 2014 hadde diakoninemnda fem møte og handsama 27 saker. Ca. 30 personar fekk blom ved alder 80, 85, 90 eller 95 år. Bussturane om våren og hausten er opne for alle som ønskjer å vere med, og det er god oppslutnad. Diakoninemnda sine medlemmer organiserer besøkstenesta, og er sjølve med i arbeidet, i tillegg til mange andre frivillige. Atten personar står på lista ved årsskiftet.

Ein av dagsturane i 2014 gjekk til nærområdet, Midtfjellet Vindpark. I november vart alle besøkjarane inviterte til å vere med på Diakonikonferanse i Bergen, med tema verdighet. Diverre var det få som melde seg. Dette arrangementet kom i staden for besøksfesten.

Framover meiner me at besøkstenesta må prioriterast, til glede for den som får besøk, og for den stikk innom med jamne mellomrom. Diakoninemnda har ikkje sett opp plan for året 2015, men det vert nok arbeidd vidare med dei aktivitetane som har blitt årvisse. Det føreligg framlegg om å lage hyggestund på Sjukeheimen også, truleg i mai. Årets første dagstur vert arrangert på Stord-øya.

Nemnda ønskjer melding dersom fleire vil vere med i besøkstenesta eller dersom «nye» ønskjer å få besøk.

Arrangementet med middag og litt program etter Alle Helgens- gudstenesta vart det ikkje noko av i fjor.

For diakoninemnda
Turid Sandvik



FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2014

BAKKEN BARNEHAGE

Bakken barnehage er Fitjar kyrkjelyd sin barnehage og har utvida kristen formålsparagraf. I vedtektene for barnehagen står det: "Fitjar soknerådsbarnehage vil vera med å gi barna kunnskap, erfaring og oppleving av kristen tru og tradisjon. Barnehagen er ein del av Fitjar kyrkjelyd sitt trusopplæringsarbeid." Eigiar er Stiftinga Fitjar soknerådsbarnehage og det er soknerådet som oppnemnar styret for stiftinga. Styret for stiftinga i 2014: Erling Prestbø (leiar), Rasmus Fitjar, Frøydis Almås og Torunn Aarskog. Ein representant frå Stiftingsstyret og ein representant frå soknerådet er med i Samarbeidsutvalet for barnehagen.

Avdelingar/plassar:

Bakken barnehage har 3 avdelingar med til saman 72 plassar for born i alderen 0-6 år. Eit barn under 3 år tel for 2, så tal på born i barnehagen varierer med alderen til borna. Kvar avdeling har 24 plassar og bemanninga er 4 årsverk pr. avdeling.

Born pr 15. desember 2014:

59 born, 52 born har fulltidsplass og 7 born har deltidsplass (60% og 80%). Stadig fleire vel å ha fulltidsplass. 16 born er under 3 år (fødd i -12 og -13) og 43 born er over 3 år (fødd i 09, 10 og 11). Vi har stor søknad til barnehagen og har hatt fullt belegg heile året. Vi har born med særskilde behov og desse får i følge vedtak ekstra ressursar. Kommunen refunderar kostnader med dette.

Personal-ressurs pr 15. desember 2014:

Styrar: 1 årsverk, Pedagogisk leiarar/ førskulelærarar: 5 årsverk, Fagarbeidar/assistentar: 7 årsverk, Reinhald: 0,4 årsverk + timebasert vaktmeisterteneste. Totalt 13,4 årsverk og 17 tilsette! Vi har tettare pedagogbemanning enn loven krev i og med at vi har 1 pedagog pr 15 born, mens pedagog-normen ifølge barnehageloven er 1 pedagog pr. 18 born over 3 år. Spesialpedagog tilsett av kommunen er hos oss ein dag i veka.

Økonomi/ framtidsplanar

Stiftinga kjøpte i 2006 ein verna bustad i Bakken. Denne vart påbygd og ombygd til barnehage. Lånet er innfridd og dei siste åra har gjeve overskot slik at me har ein eigendel å setja i prosjektet utbygging våren 2015. Då får småbarnsavdelinga som me leiger plass til i Idrettsbygget ny avdeling i tilknytning til hovudhuset. Det vert også ny personalavdeling med stort arbeidsrom for tilsette, nytt pauserom og kontor. Dette gler me oss til! Nybygget skal stå ferdig i august/september 2015.

Pedagogisk arbeid/satsingsområde:

Rammene for vårt arbeid er Rammeplan for barnehagen, Barnehageloven med forskrifter og Verksemdsplan med årsplan for Fitjar soknerådsbarnehage Bakken. Barnehagen sin visjon er "Me vil barnet det beste!"

Våre satsingsområde er:

*Kristne høgtider og bibelforteljing *Sosial kompetanse/ Venskapsbarnehagen Stefanusborna i Egypt

*Språk/kommunikasjon *Fysisk fostring/sunt kosthald/uteliv.

FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2014

Kva skjedde i 2014?

Barnehagen fekk i november 2014 besøk av Mama Maggie, leiaren av vennskapsbarnehagen vår på søppelfjellet i Kairo! Dette vart ei stor oppleving for små og store! I Rossneset fann me eit flott område i skogen der me fekk lov å setja opp lavvoen vår. Er det kaldt, fyrer me i omnen og lagar gjerne mat på den også. Vi nyttar veldig mykje det flotte turområdet i Rossneset. Vi har eit nært samarbeid med dei tilsette i kyrkjelyden; sokneprest/ kyrkjelydsprest/ kyrkjelydspedagog og dei er månadleg i barnehagen og formidlar bibelforteljing etter oppsett plan. Vi har og eit samarbeid omkring påskevandring, pinsevandring og julegudsteneste i kyrkja. Barnehagen har bibelforteljing som tema i samlingsstund kvar veke, og elles er kristne barnesongar ein naturleg del av barnehagekvardagen. Som formålsparagrafen vår seier er kunnskap, erfaring og oppleving av kristen tru og tradisjon viktig for oss i barnehagen. Det er stort å få driva ein slik barnehage!

Torunn K. Aarskog, styrar



FITJAR SOKN, ÅRSMELDING FOR 2014

KYRKJERINGEN

Kyrkjeringen arbeider mykje for å halda kyrkja fin og funksjonell når det gjeld , utstyr, inventar og utsmykking. I år har det vorte halde 8 møter.

Gjennom året har kyrkjeringen gjeve tilskot på kr. 15.000 til nye salmebøker og kr. 15.000,- til ryggputer i kyrkjebenkene.

For Kyrkjeringen, Ellen Vestbøstad

FRIVILLIGNEMNDA

Frivillignemnda har som sitt oppdrag å inspirera og syta for gode arbeidsvilkår for dei som vil gjera ein frivillig innsats i kyrkjelyden, både gjennom arbeid og gåver.

I november inviterte frivillignemnda til storsamling, der alle frivillige medlemene ivar inviterte. Tilsaman 45 personar deltok på samlinga. Arild Steinsland, som er prest i Sveio, talte over temaet «Nær Kristus- nær menneske», ein særns inspirerande tal. Kyrkjevevja var med og snakka om økonomien i kyrkja og kor viktig den frivillige innsatsen er for at me skal halda oppe all positiv aktiviteten me er velsigna med.

Frivillignemnda har i året hatt 7 møter. I tillegg til arbeidet med å tilretteleggja for all frivillig innsats i kyrkjelyden, har nemnda arbidd med å stimulera gjevartenesta til kyrkjelydspreststillinga. Då me i dag ikkje har kyrkjelydsprest er rådet frå frivillignemnda at den faste gjevartenesta vert endra til å gjelde kyrkjelydsarbeidet.

Nemnda ser at dei årlege samlingane for dei frivillige i kyrkjelyden er viktige og vil arbeida for halda fram med desse.

Medlemer i Frivillignemnda er: Vigdis Aarre Olsen, Aase Rygg Nøttvedt og Arne Devik

For Frivillignemnda, Vigdis Aarre Olsen

NYE TILTAK I 2014

I løpet av 2014 har det vorte prøvd ut nye arrangement i kyrkjelyden:

- ✓ Kveldsbøn/stille kveldar i kyrkja er eit arrangement med roleg musikk, tekstlesing, bøn og rom for ettertanke. Det har komme tilbakemeldingar på at arrangementet vert sett pris på.
- ✓ Påskemåltid vart arrangert på Fitjar bedehus i samarbeid med Israelsmisjonen. Tiltaket hadde god oppslutning.
- ✓ Kyrkjemiddag på bedehuset vart arrangert på bedehuset fleire torsdagar i haust. Tiltaket, som er eit samarbeid mellom soknerådet og ei elevbedrift ved Fitjar vidaregåande skule, har hatt god oppslutning på alle samlingane.